

Her dyrkar me eng til fôr

Hest, storfe, geit og sau et gras, som timotei, kløver og engsvingel. Eng som blir hausta og lagra blir kalla grovfôr og er grunnlaget i norsk produksjon av kjøt og mjølk.

God grovfôrkvalitet er viktig for at husdyra skal vekse og trivast. Plantene sin alder, gjødsling, ugraskontroll, tidspunktet for hausting og lagring av graset er viktige faktorar som påverkar kvaliteten i grovfôret. I tillegg speler nedbør, lys og temperatur ei viktig rolle.




På Jæren blir graset hausta tre eller fire gonger i året, medan det i Troms, Finnmark, og i fjellbygdene berre blir hausta ein gong.

Graset kan ein tørke og bruke til høy, eller ein kan lagre det i tette siloar eller i plastpakka rundballar. Grasarealet kan ein også bruke til beiting.

Verdt å vite

- I Noreg er berre tre prosent av landet jordbruksareal. Arealet ligg spreidd over hele landet.
- Berre halvparten av det vi et blir produsert i Noreg. Vi importerer store mengder frukt og grønsaker, og korn til mat og husdyrfôr.
- Mat og fôr i norsk jordbruk er produsert utan genmodifiserte organismar (GMO).
- Matindustrien (utanom fiskeforedling) gir om lag 40 000 arbeidsplassar over heile landet, og er landets største industrisektor med ei omsetjing på 150 milliardar kroner.
- Klimaet i Noreg gir smakfulle produkt, som søte jordbær, god plantehelse og mindre behov for plantevernmidlar.



God tur!

Helsing Norges Bondelag
Vi lager maten din!



NORGES BONDELAG